

---

*Møte i styringsgruppa for nye Ålesund kommune:*

*Tid 6. oktober til 09.00- 16.30*

*Stad: Skodje rådhus*

---

*Møteleiar: Ordførar i kommuna som er vert, Dag Olav Tennfjord*

*Sakliste:*

**08 30- Velkommen, kaffe og presentasjonsrunde**

**09 00 - Synspunkt etter fylkesmannen sin pressekonferanse om kommunestrukturen i fylket vårt. Får det konsekvensar for arbeidet vårt vidare?**

**09 30- Gjennomgang av referat frå sist møte**

**10 00-Gjennomgang og drøfting av framdriftsplan for bygging av nye Ålesund kommune**

**11 30 – Lunch og «Digernesvandring»**

**12 30- Omstillingsplan-v/ personalsjefane**

**«Kva er ein omstillingsplan, og korleis kan den sikre ei god overbygging for prosessen»**

**Presentasjon og dialog**

**14 00- Kommunikasjonsplan v/ Anne Bente Skjellum**

**14 45 Budsjett- og økonomiplan- status i kvar kommune v/ økonomisjefar og rådmenn**

**Presentasjon og dialog**

**(20 min per kommune)**

**15 45 Møteplassar og møteplan for haust 2016 v/ ordførarane**

**Presentasjon og dialog**

**16 30- Møte slutt**



## Nye Ålesund kommune

# Møte 1 i styringsgruppa

Vertskap: Skodje kommune  
Møteleiar: Dag Olav Tennfjord  
Dato: 6. oktober 2016  
Stad: Skodje rådhus  
Tid: Frå kl. 0830 – 1540

Til stades:

Kommune	Medlem i styringsgruppa	Rådmann
Sandøy	Oddvar Myklebust Espen Myklebust Hildegard Maier Jessica Gärtner Forfall: Åse Kristin Ask Bakke	Ann-Heidi Paulsen Orvik
Skodje	Dag Olav Tennfjord Kari Grindvik Terje Vadset Modolf Hareide Aina Strand	Bente Glomset Vikhagen
Ålesund	Eva Vinje Aurdal Åse-Marie Myren (for Tore Johan Øvstebø) Øystein Tvedt Geir Stenseth Anne Kristin Bryne	Astrid Eidsvik

Spesielt inviterte: Personalsjefane og økonomisjefane i dei tre kommunane, og kommunikasjonssjefen i Ålesund.

Møtet var ope med presse til stades. Fleire tillitsvalde og leiarar frå kommunane var også til stades etter oppmoding frå vertskapet om å delta.

## Saker til drøfting:

### 1 Omstillingsplan

Personalsjefane presenterte utkast til ein omstillingsplan med vekt på

- Visjon og motto nedfelt i intensjonsavtalen
- At vi må ha plan for det vi skal gjere
- Gi retning for prosessen
- Tidsplan
- Arbeidsrettslege spørsmål
- Behov for å skape felles forståing, språk og kultur
- Suksessfaktorar for å lykkast med omstilling

Etter presentasjonen vart det gruppearbeid for å få fram synspunkt og idear om ting som bør inn i omstillingsplanen.

**Konklusjon:** Personalsjefane i samarbeid med rådmennene arbeider vidare med omstillingsplanen fram til neste møte i styringsgruppa.

## 2 Framdriftsplan for bygging av nye Ålesund kommune

Bente Glomset Vikhagen presenterte skisse til framdriftsplan slik den vart drøfta på sonderingsmøtet mellom kommunane Sandøy, Skodje og Ålesund, i Sandøy 13. september 2016.

**Konklusjon:** Styringsgruppa tar skissa til førebels orientering og vil ta den opp til ny døfting seinare.

## 3 Presentasjon av Digerneset

Vertskapet inviterte til busstur gjennom deler av Skodje kommune med stans på Digerneset der forsamlinga fekk ei grundig orientering om Digernes Næringspark sett i eit regionalt perspektiv.

## 4 Fylkesmannen si tilråding til framtidig kommunestruktur i fylket

Fylkesmannen la 3. oktober fram si tilråding til framtidig kommunestruktur i Møre og Romsdal der han meiner det bør bli 7 kommunar i fylket. Den eine omfattar noverande kommunar

- Ålesund
- Sula
- Giske
- Skodje
- Haram
- Ørskog
- Stordal (med unntak av grunnkretsen Skotet)
- Norddal (med unntak av bygdene Norddal og Eidsdal)
- Bygda Liabygda i Stranda
- Sandøy (med unntak av øyane Orten, Sandøy og Ona)

På kort sikt kan fylkesmannen sjå for seg at fylket blir delt i 16 kommunar. Den eine av desse omfattar noverande kommunar

- Ålesund
- Sula
- Giske
- Skodje
- Haram
- Sandøy (med unntak av øyane Orten, Sandøy og Ona)

Styringsgruppa drøfta om desse to alternativ vil få konsekvensar for arbeidet i gruppa.

**Konklusjon:** Styringsgruppa er positiv til at den nye kommunen kan omfatte fleire enn kommunane Sandøy, Skodje og Ålesund. Alle som ønskjer å bli med i arbeidet for å skape ein ny kommune er velkomne inn i styringsgruppa.

Styringsgruppa vil at kommunane Sandøy, Skodje og Ålesund sender brev til fylkesmannen og departementet om at noverande Sandøy kommunen ikkje bør delast slik at tre av øyane blir ført over til ein annan kommune. Det er svært viktig at havrommet i heile Sandøy kommune blir omfatta av eitt og same planregime.

## 5 Kommunikasjonsplan

Kommunikasjonssjef Anne Bente Skjellum presenterte utkast til ein kommunikasjonsplan for arbeidet med å skape den nye kommunen. Planen bør omfatte mellom anna

- Strategiar
- Roller og ansvar
- Bodskep (kva vi må informere om)
- Målgrupper for informasjonen
- Kanalar
- Tiltaksplan
- SWOT-analyse

**Konklusjon:** Dei informasjonsansvarlege i kommunane arbeider vidare med plandokumentet og legg det fram for styringsgruppa i eit seinare møte.

## 6 Status for budsjett- og økonomiplan i kvar av kommunane

Kvar kommune presenterte den økonomiske statusen og arbeidet med budsjett- og økonomiplan. Det vart peike på kva utfordringar kvar kommune står framfor og korleis desse kan løysast.

**Konklusjon:** Orienteringane blir tatt til vitande. Det er viktig å halde kvarandre orientert om den økonomiske utviklinga i kvar av kommunane.

## 6 Organisering av arbeidet og møteplan

Dag Olav Tennfjord orienterte om korleis arbeidet kan organiserast:

### Styringsgruppe

Fem medlemmer frå kvar kommune vald av og blant formannskapa sine medlemmer  
+ rådmennene  
+ kommunikasjonssjef  
Tillitsvalde kan få observatørstatus med talerett

Gruppa leier arbeidet med skipinga av den nye kommunen og går over til å bli fellesnemnd, jf. inndelingslova, etter at Stortinget har gjort sitt vedtak.

### Forankringsgruppe

Formannskapa i dei tre kommunane  
Rådmennene  
Tillitsvalde

Forankringsgruppa blir oppretta for å kople fleire tettare på arbeidet med reforma.

### Nasjonale seminar

Departementet inviterer til nasjonale seminar for å gi felles informasjon til kommunane som har vedtatt/blir vedtatt å slå seg saman. Kommunane vel utsendigar til desse seminarane for kvar gong.

Første seminar blir 31. oktober til 1. november i Oslo.

### Eventuelt andre utval/grupper

**Konklusjon:** Styringsgruppa tek saka til førebels orientering. Dersom noko er uklart avklarar rådmannene dette.

Personalsjefane blir bedne om å lage ei skisse over korleis dei tillitsvalde bør bli involvert i arbeidet.

## **7 Neste møte i styringsgruppa**

Torsdag 10. nobember frå kl. 1000. Vertskap: Ålesund kommune.

Tore Hals  
referent

Presentasjonane lagt fram i møtet vil bli gjort tilgjengeleg på nettsider med informasjon frå arbeidet i styringsgruppa.